

ÅRSRAPPORT

KILDEN Informasjonssenter for kjønnsforskning

2011



Illustrasjonsfoto: colourbox.no

INNHOLD

Forord ved leiar	2
Mange ulike brukarar.....	3
Nyheitstenesta – frå Oserbergskipet til Retromannen	3
Internasjonalisering	5
Tidsskrift for kjønnsforskning	5
Ressursbanken	6
Aktivitetar – eit utval	6
Stemmerettsjubileet	7
Tett på Forskningsrådet	7

Vedlegg til KILDEN sin årsrapport 2011: Dokumentasjon 8

1. Nettstaden	8
2. Førespurnadar, nyheitsbrev og nye sosiale medium ..	11
3. Tidsskrift for kjønnsforskning	12
4. Eksterne prosjekt	12
5. Styre og stab – kompetanse og deltaking	15

KILDEN
Stensberggata 25
0170 Oslo

<http://kilden.forskningsradet.no>
post@kilden.forskningsradet.no

FORORD VED LEIAR

Det nordiske og europeiske samarbeidet er viktigare enn nokosinne. KILDENS oppgåve er å nå ut over Noregs grenser, og vi treng inntrykk og ny kunnskap frå andre ståstadler. Vi omset utvalde nyheitssaker, og det engelske nyheitsbrevet vårt veks. I 2011 har vi mellom anna etablert god kontakt med EIGE, EU sitt likestillingsinstitutt i Vilnius. Vi har arrangert seminar med India-tema, vi har deltatt på den europeiske foreininga ATGENDER sitt vårseminar, og vi har møtt våre nordiske kollegaer.

Behovet for kjønnsperspektiv i kunnskapsproduksjonen veks. 2011 ga oss mange døme på det.

I 2011 vart FEMCIT sin avslutningskonferanse arrangert. FEMCIT er det største EU-prosjektet som norsk kjønnsforskning har koordinert. Forskarar frå elleve land har sett på korleis medborgarskap er kjønna, og korleis kvinner som borgarar og aktivistar har vore med på å påverke, utfordre og endre deltaginga til kvinner og menn i samfunnslivet i Europa. EU har vurdert FEMCIT som eit svært vellykka prosjekt og det får særleg skryt for god fagformidling.

I 2011 etterlyser Likestillingsutvalet ein meir kunnskapsbasert likestillingspolitikk i sin nye NOU¹. Forskningsrådet vektlegg sin integreringsstrategi for kjønnsperspektiv i forskinga, KILDEN tek på seg å koordinere ein EU-søknad i Forskningsrådet sitt namn: Om likestilling i forsking. Og tala peiker oppover på nettstatistikken vår.

KILDENS grunnverksemد er framleis forskingsformidling frå kjønnsforskninga og å vere tenesteytar for dette feltet. Vi har presentert forsking frå heile landet, med mange innfallsvinklar til kjønn, frå mange fagfelt og om mange forskjellige tema. Verksemda vår famnar nettutstillingar med skoleungdom som målgruppe, nyheitssaker til folk flest og publiseringshøve med tellekantar for forskarar gjennom Tidsskrift for kjønnsforskning. Samstundes har vår kompetanse og unike formidlingsposisjon gjort sitt til at KILDEN òg er ein viktig aktør i arbeidet for betre kjønnsbalanse i forskinga. Ting heng framleis saman, og vi er inne i ein periode der likestillingspolitikken treng kjønnsforskninga i stor grad. Meir integrering av kjønnsperspektiv i forskinga er også midt i blinken for oss og for heile forskingsfeltet.

No gler vi oss till stemmerettjubileet i 2013. I 2011 har vi bidratt til det kvinnehistoriske og likestillingspolitiske bakteppet som notids- og framtidsjubileet er tenkt å bli. Kjønnsperspektiv held fram med å påverke, utfordre og endre verdsbiletet vårt.

¹ Struktur for likestilling. NOU 2011:18

MANGE ULIKE BRUKARAR

KILDEN får førespurnadar frå forskarar, skulelevar og studentar, journalistar, byråkratar, aktivistar og andre brukarar om ulike tema innanfor kjønnsforsking. KILDENs nettstad og forskardatabase er dei viktigaste verktøya for å finne svar.

NYHEITSTENESTA – FRÅ OSERBERGSKIPET TIL RETROMANNEN


Nyheitsstoffet til KILDEN bringar norsk kjønnsforsking ut til både kjønnsforskinsmiljø og eit breiare publikum. Vi sørger for varierte tema og gjer stoffet friskt, underhaldande og tilgjengeleg. Vi presenterer aktuell forsking frå både etablerte og ferske forskarar, og sørger for brei og grundig dekning av kjønnsforskinsnytt frå heile landet. Våre journalistar set seg godt inn i stoffet dei dekker, og bruker journalistiske verktøy for å formidle effektivt og påliteleg.

I 2011 oppgraderte vi det populære nyheitsbrevet vårt, som blir sendt ut til over 1700 abonnentar kvar 14. dag. På Facebook blir lesarane fortløpande oppdatert, oftast med daglege KILDEN-oppdateringer. Arbeidet med å få ein ”knapp” for deling av KILDENs nyheitssaker på Facebook og Twitter vart ferdig på tampen av året, slik at det frå 2012 vart enkelt for lesarane å tilrå saker for vene og følgjarar.

Ti utvalde nyheitssaker frå 2011:

1. Like staselig gravferd

Mye tyder på at kvinnene som ble gravlagt i Osebergskipet var mektige i seg selv, ikke bare i kraft av hvem de var gift med, eller mor til, sier Marianne Moen, som skrev masteroppgave i arkeologi ved Universitetet i Oslo i 2010.



2. Endevender Hjernevask

Sosiologen Isabelle Dussauge, forsker ved Linköpings universitet, skulle bare skrive en liten anmeldelse av Hjernevask-boka, men endte opp med å dissekerere teoriene i boka i detalj.



3. Synger ut subjektet

Ved hjelp av sin spesielle stemmebruk utfordrer Kate Bush det stereotypet kvinnelige og skriver om kva det vil si å være i kroppen. Dette hevder Jenny Hval, som har utforsket den sungne teksten til den britiske artisten i sin masteroppgave ved Universitetet i Oslo.

4. – Renhetsideal skaper kvinnehat

Kulturell og rasemessig renhet krever kontroll med kvinner og det kvinnelige. Derfor er rasistiske ideologier nesten alltid også kvinnefiendtlige og antifeministiske, sier den britiske filosofen Jane Clare Jones. Hun har studert Anders Behring Breiviks manifest og mener kvinnehat gjennomsyrer ideologien like mye som hatet mot muslimer.



5. – Voldtekts handler også om sex

At voldtekts bare dreier seg om makt og ikke om sex, er en overforenkling, som i verste fall gjør ting vanskeligere for ofre for seksualisert vold. Det hevder Linda Alcoff, filosof og nyslått æresdoktor ved Universitetet i Oslo.

6. Likestilt ute – underordnet hjemme

En kvinne kan godt bli president i Sudan. Hvis hun får lov av mannen sin, da. Det sier statsviter Liv Tønnesen ved Universitetet i Bergen.



7. Ut med metro, inn med retro

Programmet Manshow provoserte mange da det dukket opp på norske tv-skjermer i 2006. Fem år etter er Manshow-mannen blitt mainstream i medievirkeligheten, mener forsker Fredrik Langeland ved Universitetet i Stavanger.

8. Krevende mainstreaming

Kjønnforskningsprogrammet er lagt ned. Nå skal Forskningsrådet integrere kjønnsperspektivet i andre programmer. Dét er en krevende øvelse som fordrar kompetanse, veiledning og finansiering i alle ledd og på alle fagområder. Hvordan møter Forskningsrådet disse utfordringene?

9. Dei frie fangane

Skal vi tru kriminolog Thomas Ugelvik, er norske fengsel stappfulle av fridom. Gjennom kvilelaust entreprenørskap freistar fangane å lure systemet og gjenerobre manndomen. Ugelvik er forsker ved Universitetet i Oslo.

10. Sexkjøpsloven endret holdninger

Forbudet mot kjøp av sex skulle gi mindre menneskehandel og overbevise folk om at prostitusjon er feil. Men fungerte det? Både ja og nei, ifølge NOVA-forsker Andreas Kotsadam.

INTERNASJONALISERING

Dei engelske nettsidene våre gir utvalde smakebitar av aktuell norsk kjønnsforskning for eit internasjonalt publikum. Vi vel ofte tema som blir spesielt etterspurt internasjonalt, som styrekvoteringslova og norsk velferds- og familiepolitikk, men siktar mot bredde og variasjon.

I 2011 kunne engelskspråklege lesarar til dømes lese om nordmenn sin aukande bruk av betalt hjelp i heimen, unge gutar si frykt for å bli stempla som "pingler" samt verknadene av sexkjøpslova.

De omsette nyheitssakene blir også publisert i webportalen Gender in Norway og den europeiske portalen AlphaGalileo, ein nettstad som formidlar forskingsnyheter til eit internasjonalt publikum.

I 2011 hadde artikkelen *Safeguarding against complex discrimination* om forsking på fleirdimensjonal likestillingspolitikk flest treff av KILDEN sine nyheter, over 600, på AlphaGalileo.

KILDEN sine sider under menypunktet Internasjonalisering informerer om og inspirerer til internasjonalisering.

I spalta *Internasjonalt* fekk lesarane i 2011 høyre om moglegheitene innanfor EU-forskinga, internasjonal forskingspolitisk organisering og korleis polske studentar opplevde opphaldet sitt her i landet: "- Noreg gir fantastiske moglegheiter". I tillegg gir vi oppdatert informasjon om moglegheiter for internasjonalt samarbeid, finansiering og publisering.



Angela Lupattelli frå Universitetet i Sienna i Italia har for første gong eit kjønnsperspektiv på arbeidet sitt, noko ho synest er veldig enkelt å inkludere på forsking i Noreg. (Foto: Daniela Fortin Arias)

TIDSSKRIFT FOR KJØNNSFORSKNING

Tidsskrift for kjønnsforskning er den viktigaste arenaen for kjønnsforskningsfagleg utveksling på norsk. Her får nordiske tradisjonar og måtar å tenkje på plass, og ein får eit naudsynt rom for omgrep- og teoriutvikling på vårt eget språk. Tidsskriftet er tverrfagleg, tematisk variert og held høg kvalitet.

Hilde Danielsen og Agnes Bolsø, redaktørar for Tidsskrift for kjønnsforskning frå januar 2010, seier:

– *Vi tenker best på vårt eget språk!*

Kari Jegerstedt, redaktør for Tidsskrift for kjønnsforskning frå august 2010:

– *Vi skal gjøre synleg og støtte opp under den breidda og det mangfoldet som rår i norsk kjønnsforskning for tida.*



Tidsskriftet veksler mellom opne nummer, og nummer som tek for seg utvalde aktuelle og viktige tema. I 2011 var to nummer opne, medan to hadde tema *leiing*. Redaktørar var Hilde Danielsen, Agnes Bolsø og Kari Jegerstedt. Tidsskriftet blir gitt ut av Universitetsforlaget med støtte frå Noregs forskingsråd.

RESSURSBANKEN

I vårt største eksterne prosjekt, drifta av nettstaden *Ressursbank for likestilling i forsking* på oppdrag frå Komité for kjønnsbalanse i forskning, har det vore både kontinuitet og mykje nytt.

Leingsportal, eit ressurshefte om utradisjonelle yrkesval og ein plakat om publikasjonen *Talents at stake* høyrer til det siste. At vår plakat *Mission: Gender Balance* vann prisen for beste plakat i konkurransen med over 50 andre på konferansen Gender Summit i Brussel hørte til høgdepunkta i 2011.



Vinnerplakaten!

AKTIVITETAR – EIT UTVAL

I april var KILDEN medarrangør av seminaret *Women and former Scheduled Castes in Rural Local Government in India after the Constitutional Reforms of 1992* saman med Norsk landbruksøkonomisk institutt.

I april deltok to frå KILDEN på vårseminaret til foreininga ATGENDER (The European Association for Gender Research, Education and Documentation) i Utrecht, Nederland.

I september deltok fleire frå KILDEN på konferansen *Framtidsdrømmer – om ungdoms (u)tradisjonelle studievalg* i Kristiansand. Vi hadde òg i oppdrag frå Kif-komiteen å produsere eit hefte på bakgrunn av konferansen. Resultatet vart *Fremtidsdrømmer. Råd om kjønnsbalanserte studievalg*, 24 sider med råd, tips og inspirasjon.

I oktober bidrog KILDEN med møteleiing på *Kjønnsperspektiv i forskning* – eit dialogmøte mellom kjønnsforskarar, Forskningsrådet og politikarar.

I oktober arrangerte KILDEN i samarbeid med Forskningsrådets program for kjønnsforskning seminaret *Fra Hottentott Venus til familiebilder. Aktuell humanistisk kjønnsforskning* på Litteraturhuset i Oslo.

I november deltok tre frå KILDEN på konferansen *Gender Summit* i Brussel.

FREM TIDS DRØMMER
Råd om kjønnsbalanserte studievalg

LESSON: MATH

STATSPRÅT
HVARFOR VIL INNE NORSKE MENN BLI SYKEPLEIERE?
VELLYKKT SATSNING I NORD
HVEM VÄR ADA LOVELACE?
KRÖNICK: DERFOR ER KJØNNSBALANSE VIKTIG
ALFA ROLLEMODELLBYRÅ
DEBATDUELL OM KVOTERING
SIRI-EFFEKten
TENK MATTE
YRKESTITLER MED KJØNN
STUDENTER VIL HA KJØNNSBALANSE
RESSURSER PÅ NETT

SIDE 4
SIDE 6
SIDE 10
SIDE 11
SIDE 12
SIDE 14
SIDE 16
SIDE 18
SIDE 19
SIDE 20
SIDE 21
SIDE 22

STEMMERETTSJUBILEET

I høve 100-årsjubileet for allmenn stemmerett i 2013 lanserte Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet i 2011 nettstaden *Stemmeretsjubileet*. KILDEN står bak storparten av tekstane på nettstaden, i tillegg til ei grundig og gjennomarbeida tidsline som viser viktige milepålar i norske kvinner si politiske historie.

The screenshot shows the homepage of the Stemmeretsjubileet website. At the top, there is a navigation bar with links for Bokmål, Nynorsk, Sámeigiella, English, Tema A-Å, Nettstedskart, Hjelp, and Kontakt. Below the navigation bar, there is a search bar with the placeholder "Søk hos Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet" and a "Søk" button. To the right of the search bar, there are links for Del/Tips, Utskrift, and Lytt til teksten. The main content area features a large image of a woman, Kristine Bonnevæi, with the text "1910 - 1919". To the left of the image is a sidebar with links to Til forsiden, Om jubileet, De fire store, and Fakta og historie. To the right of the image is a sidebar with a link to TIDSLINJE and Les mer. Below the image, there is a timeline with five entries:

- 1910: Kvinner får allmenn kommunal stemmerett.
- 1911: Vararepresentanten Anna Rogstad tar plass i Stortinget, som første kvinne. Hun representerer Frisinnede Venstre.
- 1912: Kvinner får adgang til de fleste embeter. Unntatt er de kirkelege, diplomatiske og militære embetene og statsrådsembetene.
- 1913: Kristine Bonnevæi blir første kvinnelige professor ved Universitetet i Oslo.
- 1913: Norge innfører full stemmerett for kvinner.

Below the timeline, there is a row of small thumbnail images representing other content on the site. At the bottom of the page, there is a footer with contact information: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, Akersgata 59, Postboks 8036 Dep, 0030 Oslo | Tlf: 22 24 90 90, Faks: 22 24 95 15 | E-post: Postmottak@bld.dep.no | Nettredaktør: Linda Sørforde | Ansvarlig redaktør: Maria Brit Espinoza.

TETT PÅ FORSKINGSRÅDET

KILDEN har i 2011 hjelpt Forskningsrådet med vår særskilde kompetanse i fleire prosjekt og satsingar: For kunnskapsprosjektet BALANSE kartla vi relevante tiltak for Forskningsrådets komande arbeid for å fremje rekruttering av kvinner til forskningsleiring og toppstillingar.

Vi har òg kartlagt ulike europeiske tiltak for integrering av kjønnsperspektiv i forsking, og henta inn tilrådingar for Forskningsrådets strategi for slik integrering – først og fremst frå forskrarar og andre ekspertar i og utanfor Noreg.

I samarbeid med fleire einingar i Forskningsrådet vart EU-søknaden *GenderHub – a European internet portal to knowledge and action on gender and research* initiert av KILDEN hausten 2011, med frist 22.2.2012.

VEDLEGG TIL KILDEN SIN ÅRSRAPPORT 2011: DOKUMENTASJON

1. Nettstaden

I 2011 vart det produsert 78 nyheitssaker om kjønnsforsking, i hovudsak frå Noreg, men òg med innslag frå Norden og resten av verda (i 2010 var talet 83). 43 artiklar vart skrive av KILDENs forskingsjournalistar eller andre i staben. 35 artiklar vart skrive av frilansarar. Fleirtalet av forskingsnyheitane vart òg lagt ut på nettstaden forskning.no. I 2011 vart 44 artiklar publisert på forskning.no (61 i 2010).

KILDEN publiserte åtte artiklar i spalta Internasjonalt (same tal som i 2010). Her blir det publisert rapportar frå norske forskarar og studentar på utanlandsopphald eller utanlandske forskarar og studentar på Noregsopphald.

Notert

Spalta Notert på framsida av KILDENs nettstad inneholder notisar om kjønnsforsking og/eller kjønnsforskurar i Noreg og internasjonalt, i blant også likestillings- og andre relevante nyheitar. Dette er stoff som KILDEN ikkje dekker med eigne artiklar, men som er henta frå andre nettstadar eller frå media (samt KILDEN sitt nyheitsbrev, som òg blir lagt i Notert). I 2011 vart det lagt ut 139 Notert-saker (158 Notert-saker i 2010).

Nordkalender

Nordkalender er eit samarbeid mellom sju einingar i fire land. KILDEN koordinerer arbeidet. I 2011 vart det lagt inn 210 arrangement (166 arrangement i 2010) av KILDEN. Det vart totalt publisert 775 arrangement (714 i 2010). Kalenderen inneholder oversikt over Call for papers til konferansar. I 2011 vart det publisert 34 Call for papers i alt, 17 av desse av KILDEN (totalt 59 i 2010).

Publikasjonar

På hovudsida i publikasjonsseksjonen blir det presentert nye og aktuelle publikasjonar innanfor kjønnsforskningsfeltet eller med relevans for feltet: nye nummer av tidsskrift, antologiar, monografiar, rapportar, tidsskriftartiklar med meir. (Norske doktoravhandlingar blir registrerte for seg – sjå nedanfor.) Det blir lagt inn publikasjonar på norsk, svensk, dansk og engelsk.

Hovudvekta av publikasjonane er på norsk eller er skrivne (eller redigert) av norske forskarar. 176 publikasjonar vart omtala i publikasjonsseksjonen i 2011 (186 i 2010).

Doktoravhandlingar

Oversikta dekker avhandlingar med kjønnsperspektiv avgjort ved institusjonar i Noreg eller av norske forskarar i utlandet. Målsettinga er ei mest mogleg dekkande oversikt, og avhandlingar blir òg registrert retroaktivt. KILDEN følgeir institusjonane sine oversikter over avgjorte og komande disputasar. Det er registrert 36 doktoravhandlingar i 2011 (37 i 2010). Per 31. desember 2011 er det totalt registrert 269 avhandlingar.

Engelskspråklege nettsider

Arbeidet med å omsette nyheitssaker frå norsk til engelsk haldt fram i same omfang som føregående år. Det vart til saman publisert 24 nyheitssaker på engelsk (20 i 2010). Det vart valt ut saker ein rekna ville

interesse internasjonale brukarar. Desse artiklane vart òg formidla gjennom webportalen Gender in Norway. (Les meir om <http://gender.no> i kapittel 7.) I tillegg formidlar KILDEN stort sett alle engelske nyheitssaker gjennom den europeiske portalen AlphaGalileo, ein nettstad som formidlar forskingsnyheter til eit internasjonalt publikum. I desember formidla vi vår første nyheitssak gjennom den nye nettstaden ScienceNordic. ScienceNordic er etablert av forskning.no and videnskab.dk og formidlar forskingsnyheter på engelsk frå dei nordiske landa.

I publikasjonspalta på dei engelskspråklege sidene presenterer KILDEN aktuelle publikasjonar på engelsk skrive eller redigert av nordiske forskarar. 90 publikasjonar vart presentert i 2011 (95 i 2010).

Besøksstatistikk²


Tabellane som følger viser besøk på nettstaden <http://kilden.forskningsradet.no>. Besøk på forskarbasen er ikkje med i statistikken.

Fordi nettleverandøren vår har bytt statistikkverktøy, kan tala på besøk frå 2011 ikkje samanliknast med føregåande år. Etter råd frå nettleverandøren vil vi frå no av telje *reelle treff* og *sidevisinger*, ikkje besøk, da det er mogleg å overføre desse tala mellom ulike statistikkverktøy.

Reelle treff 2011

Totalt 10 594 322 treff

Månadleg utvikling av reelle treff




Til samanlikning: treff to føregåande år

2010: Totalt: 8 899 579 treff. 2009: Totalt: 9 223 735 treff

² Nettstatistikk har ei rekke feilkjelder som gjer at alle tal bør handsamast som retningsgivande, ikkje som absolutte mål. Det er òg grenser for kva ein kan tolke ut frå tala. Ei total auke eller minsking i trafikken kan likevel lesast ut av statistikken.

Sidevisingar 2011

Totalt 6 900 511 sidevisingar



Til samanlikning føregåande år:

2010: Totalt 4 081 587 sidevisningar. 2009: Totalt 4 178 981 sidevisningar

Besøksstatistikk på dei engelske sidene

Sidevisingar: Totalt: 2 193 158 (2010: 356 299, 2009: 292 155)

Reelle treff: Totalt: 2 327 098 (2010: 480 096, 2009: 429 798)

Besøksstatistikk på dei kvinnehistoriske utstillingane

Portalframsida <http://kvinnehistorie.no>

Sidevisingar: Totalt: 10 507 (2010: 8 750, 2009: 10 137)

Reelle treff: Totalt: 156 893 (2010: 145 780, 2009: 142 187)

<http://stemmerett.no>

Sidevisingar: Totalt: 17 533 (2010: 15 216, 2009: 20 430)

Reelle treff: Totalt: 114 991 (2010: 100 498, 2009: 131 569)

<http://kvinnerifagbevegelsen.no>

Sidevisingar: Totalt: 12 607 (2010: 13 743, 2009: 12 462)

Reelle treff: Totalt: 58 354 (2010: 63 241, 2009: 66 323)

<http://kampdager.no>

Sidevisingar: Totalt: 49 191 (2010: 52 864, 2009: 51 422)

Reelle treff: Totalt: 300 925 (2010: 331 053, 2009: 339 337)

<http://fortellingeromhenne.no> (lansert i september 2009)

Sidevisingar: Totalt: 115 923 (2010: 95 478, 2009: 40 153)

Reelle treff: Totalt: 538 718 (2010: 459 199, 2009: 171 722)

<http://portretter.no/> (portalframside for fire portrettutstillingar)

Sidevisingar: Totalt: 55 734 (2010: 92 309, 2009: 64 374)

Reelle treff: Totalt: 118 618 (2010: 186 179, 2009: 132 033)

2. Førespurnadar, nyheitsbrev og nye sosiale medium

KILDEN får førespurnadar frå forskrarar, studentar, journalistar og andre brukarar om ulike tema innanfor kjønnsforsking. Forskarbasen og KILDENs nettstad er dei viktigaste verktøya for å finne svar. I 2011 er det registrert 88 førespurnadar i KILDENs arkiv (112 førespurnadar i 2010).

KILDENs e-postbaserte nyheitsbrev

KILDENs nyheitsbrev er eit supplement til nettstaden og blir sendt ut per e-post kvar 14. dag. I august 2011 gikk vi over til å sende ut nyheitsbrevet gjennom Mailchimp, eit meir effektivt system for nyheitsbrevproduksjon. Systemet administrerer automatisk av på- og avmelding, adresseendring med meir. Det nye systemet gjer at vi kan nytte nettstaden sine fargar og logo i nyheitsbrevet, og gir ein meir profesjonell form og layout. Det nye systemet viser kor mange klick dei ulike sakene får, slik at vi får meir informasjon om kva saker som er mest populære.

Ved utgangen av 2011 hadde nyheitsbrevet totalt 1 746 abonnentar (1 778 abonnentar i 2010). Den vesle nedgangen kjem først og fremst av at det nye systemet er betre på å sortere ut avslutta e-postadresser, slik at det er færre "sovande" abonnentar. Abonnentane er forskrarar, studentar, journalistar, byråkratar og andre brukarar og interesserte i Noreg, Norden og nokre andre land.

Nyheitsbrev på engelsk

Nyheitsbrev på engelsk, med lenker til nyheitssaker og nye publikasjonar, blir sendt ut på e-post kvar sjette veke, i samarbeid med Gender in Norway og Ressursbankens engelske sider. Det vart sendt ut sju nyheitsbrev, like mange som i 2010.

Talet på abonnentar fortset å auke. Ved utgangen av 2011 hadde nyheitsbrevet 202 abonnentar (183 ved utgangen av 2010) frå 42 forskjellige land (40 ved utgangen av 2010).

13. september sendte vi ut første engelske nyheitsbrev gjennom Mailchimp. I det nye formatet blir logoane til både KILDEN, Gender in Norway og Ressursbanken profilert. I tillegg har vi byrja å ta med eit utvalt arrangement frå Nordkalender som eit eget punkt i nyheitsbrevet. Gjennom Mailchimp har vi blant anna høve til å sjå kor mange som opnar nyheitsbrevet og kva for saker flest klikkar seg inn på. Det er òg mogleg å få lesarstatistikk fordelt på land. Det kan fungere som retningsliner for arbeidet med nyheitssaker.

Facebook-gruppe

KILDEN har ei side på Facebook, som hadde 282 medlemmar ved utgangen av 2011 (vi gikk i løpet av året over frå å vere gruppe til å bli side, og mista med det nokre tilhengjarar, men talet auka jamt og trutt i

løpet av året.) Alle KILDENS nyheitssaker blir lagt her, i tillegg til utvalde boktips, arrangementstips og enkelte av nyhetene fra Ressursbank for likestilling i forskning.

3. Tidsskrift for kjønnsforskning

Det vart publisert 14 artiklar, sju bidrag under overskrifta «Kommentar», eitt bokessay og sju bokmeldingar i 2011. Forening for kjønnsforskning bidrog to gangar til spalta «Nytt fra FOKK».

Årets artikkel

«Husarbeid i limbo? Emosjonelle investeringer i den husmorløse familien» av Helene Aarseth, postdoktor ved Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi, Universitetet i Oslo vart kåra til Årets artikkel i Tidsskrift for kjønnsforskning 2010.

Juryen besto av:

- Pia Laskar, universitetslektor, Tema Genus, Institutionen för tema, Linköpings universitet
- Torbjørn Herlof Andersen, førsteamanuensis, Høgskulen i Gjøvik
- Mona Renolen, rådgivar, Likestillingssenteret, Hamar

Abonnement

Tidsskrift for kjønnsforskning hadde ved utgangen av 2011 totalt 422 abonnentar (497 i 2010). Av desse var 376 betalande abonnentar (510 i 2010) og 46 bytte-/gratisabonnentar (46 i 2010). Av dei betalande abonnentane var 42 studentar, 202 privatpersonar og 132 institusjonar. På Idunn vart det lasta ned 11 422 artiklar i 2011 (4 683 i 2010). Det vart gjort 11 kjøp av einskildartiklar frå tidsskriftet (34 i 2010).

4. Eksterne prosjekt

Følgjande prosjekt og oppdrag i var i KILDEN si portefølje i 2011:

Ressursbank for likestilling i forskning

KILDEN har på oppdrag frå Komité for kjønnsbalanse i forskning bygd opp og drifta nettstaden *Ressursbank for likestilling i forskning*.

Arbeidet i 2011 har vore prega av det som er sjølve grunnlaget for Ressursbanken; å vere eit bindeledd mellom Kif-komiteen og forskingssektoren og å bidra til å sette agendaen for viktige diskusjonar og prosessar i sektoren, gjennom nyheitsproduksjon og formidling av ny forsking og statistikk.

Kif-komiteen og Ressursbanken har i 2011 utarbeida foldaren *Talenter på spill* som promoterer komiteen og *Ressursbanken*.

Den nye seksjonen *God ledelse* vart lansert på nettstaden til Ressursbanken.

Kif-komiteen og Ressursbanken/KILDEN laga plakaten "Mission: Gender Balance" som vann plakatkonkurransen på konferansen *Gender summit* i Brussel.

Mot slutten av året vart det innført eit nytt opplegg for nyheitsbreva, og Ressursbanken tok eit skritt nærmare sosiale medium ved å få knapp for «del på Facebook og Twitter».

Kifinfo.no vart òg promotert gjennom publikasjonen *Fremtidsdrømmer. Råd om kjønnsbalanserte studievalg* som vart lansert i desember.

Gender in Norway

Nettportalen Gender in Norway (<http://gender.no>) gir ein samla og oppdatert oversikt over norsk offentleg likestillingsarbeid, relatert statistikk og kjønnsforskning i Noreg, retta mot eit internasjonalt publikum. Nettportalen er eit samarbeidsprosjekt mellom fleire departement og andre offentlege einingar. Arbeidet er koordinert av KILDEN sidan 2006.

KILDEN lenka opp totalt 124 nyheitssaker i nettportalen si nyheitsspalte i 2011 (93 i 2010).

orgbase.no

Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet har finansiert oppstarten av databasen, og i tillegg bidreg FOKUS - Forum for Kvinner og Utviklingsspørsmål til drifta. I slutten av 2009 vart organisasjonane invitert til å registrere seg i databasen, og i løpet av 2010 registrerte 68 organisasjonar seg. KILDEN driftar databasen også i 2011.

Oppdrag for Forskningsrådet

Formidlingstenester for forskningsprogrammet Kjønnsforskning

KILDEN formidla aktuelt frå forskningsprogrammet Kjønnsforskning i 2011. Nyheitssakene vart publisert både hos KILDEN og på programmet si eiga heimeside. Dei vart i tillegg formidla gjennom nyheitsbrev, publisert på forskning.no og i nokre tilfelle òg omsett og publisert i KILDENS engelskspråklege formidlingskanalar. KILDEN var tilstades og haldt presentasjon i samband med programsamlinga og var med på planlegging og gjennomføring av seminaret "Fra Hottentott Venus til familiebilder" 22. oktober på Litteraturhuset i Oslo.

Kjønnsbalanse i toppstillingar og forskningsleiing (BALANSE)

KILDEN bidrog med kommunikasjonsbistand og journalistoppdrag for kunnskapsprosjektet BALANSE i 2011. I tillegg har vi kartlagt relevante tiltak og satsingar for Forskningsrådet sitt komande arbeid for å fremje kjønnsbalanse/likestilling/rekruttering av kvinner til

- Forskningsleiing (til dømes prosjektleiarar og instituttleiarar),
- overgangen frå mellombels til fast stilling og
- rekruttering til toppstilling/seniorstilling.

Kjønnsperspektiv i forsking

På oppdrag frå Forskningsrådet skaffa KILDEN eit underlagsmateriale som skal bidra til å realisere Forskningsrådets policy for likestilling og kjønnsperspektiv i forsking.

Mer entreprenørskap (MER)

Programmet Mer entreprenørskap skal auke kunnskapsnivået om entreprenørskap generelt og om kvinnelege entreprenørar spesielt. KILDEN har bidratt med éin nyheitssak i 2011.

Oppdraget «Argumentasjon for entreprenørskap blant kvinner»

KILDEN har i bidratt i arbeidet med rapporten «Mer entreprenørskap blant kvinner. Opptrappingsplan 2008 – 2013»

Europeisk portal for likestilling i forsking - prosjektetableringsstøtte

Hovudmålet var å levere eit konkurransedyktig prosjektforslag i Forskingsrådets namn til utlysninga «Creating a transnational community of practitioners (Internet Portal)» kor KILDEN ynskte å vere koordinator. I februar 2012 vart prosjektforslaget *GenderHub – a European internet portal to knowledge and action on gender and research* sendt inn til EU sitt 7. rammeprogram. KILDEN fekk òg støtte til søknadsskrivinga frå Kif-komiteen, i tillegg til prosjektetableringsstøtte frå Forskingsrådet.

Forening for kjønnsforskning i Norge (FOKK)

KILDEN har utført enkelte sekretariatsoppgåver for FOKK sidan 2002. Det har først og fremst dreidd seg om økonomiarbeid, medlemsregister, oppdatering og utlegging av tekstar på nettstaden <http://fokk.no>, utsending av nyheitsbrev samt anna informasjon og arkivering.

Nettsider for Nasjonal forskarskole

Nasjonalt fagråd for kjønnsforskning organiserer ein nasjonal forskarskole i tverrvitskapeleg kjønnsforskning. KILDEN utarbeida ein nettstad for forskarskolen i 2010. I 2011 vart sidene òg omsett til engelsk. KILDEN driftar sidene for forskarskulen.

DEMROK – PLUREQ – FFRR

KILDEN driftar nettstadane DEMROK – Demokrati, religionsfrihet og kvinners menneskerettigheter, PLUREQ, Gender equality, cultural diversity, religious pluralism: State policies and feminist interventions og FFRR, frå formelle til reelle rettar.

KILDEN har vore ansvarleg for omsetting av PLUREQs norske sider til engelsk.

Stemmerettsjubileet 1913-2013

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet engasjerte KILDEN til å utarbeide introduksjonstekstar til jubileet sin nettstad, skrive tekstar til presentasjon av dei fire store (Camilla Collett, Fredrikke Marie Qvam, Gina Krog og Fernanda Nissen) og til å utarbeide ei tidsline, 1813-2013, for [Stemmerettsjubileet](#).

Forum Norge 1325

KILDEN har drifta og oppdatert nettstaden www.fn1325.no i perioden 01.07.-31.12.2011 på oppdrag av organisasjonane bak Forum Norge 1325 v/FOKUS .

Medietreningsoppdrag

KILDEN ved Kristin Engh Førde vart engasjert av NATED - National Graduate School in Education, UiO til å halde eit to timars medietreningskurs med praktiske øvingar for forskarar. Kurset vart arrangert 18. oktober på Høgskulen i Oslo i samband med nasjonale PhD-dagar.

KILDEN ved Kristin Engh Førde og Ragnhild Fjellro vart engasjert av Intermedia, UiO til å halde eit tre timars medietreningskurs for forskarar og informasjonsmedarbeidarar på Intermedias internseminar 4. november på Oscarsborg.

5. Styre og stab – kompetanse og deltaking

Styret

Styret er peikt ut for perioden 2010–2013 og har følgjande samansetning:

Leiar og nestleiar

- Anne-Jorunn Berg, professor, Universitetet i Nordland, leiar
- May-Len Skilbrei, instituttsjef, FAFO, Oslo, nestleiar

Medlemmar

- Claus Jervell, seniorrådgivar, Likestillings- og diskrimineringsombodet
- Hans Wiggo Kristiansen, seniorrådgivar, LHBT senteret, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
- Jørgen Moland, informasjonsleiar (permisjon 1.7.10–1.7.12), Institutt for samfunnsforskning

Varamedlemmar

- Jan Petter Hansen, professor, Universitetet i Bergen
- Mona Holm, konservator/museumspedagog, Kvinnemuseet i Kongsvinger
- Stine Helena Bang Svendsen, stipendiat, NTNU

Det var to styremøte i 2011: 11. februar og 26. august. I tillegg var det styresaker på sirkulasjon 12. desember.

Marte Ericsson Ryste deltok som konstituert direktør på møtet 11. februar.

Følgjande observatørar har deltatt:

- Toril Enger, tilsett KILDEN, 11. februar
- Kristin Aukland, tilsett KILDEN, 26. august

Stab

KILDEN har seks faste stillingar. To av desse er finansiert over prosjektmiddel. Totalt har det vore 8,06 årsverk knytt til verksemda i 2011 (8,5 årsverk i 2010), inkludert redaktørar.

Faste stillingar

- Maria Grönroos, direktør
- Toril Enger, førstekonsulent. Redaksjonssekretær for Tidsskrift for kjønnsforskning og administrative oppgåver.
- Kristin Engh Førde, rådgivar. Forskjingsjournalist, bl.a. ansvar for nyheitsspalter og frilansarar. Ulønna permisjon 6.9.2010–28.2.2011. Fungerande direktør 1.3.-31.3 i 50 % og 1.4.-31.5. i 100 %.

- Marte Ericsson Ryste, rådgivar. Fungerande direktør 18.1.-31.1. i 30 %, 1.2.-28.2. i 60 % og 1.3.-31.3. i 50 %. I tillegg arbeid med diverse prosjekt. Delvis studiepermisjon. Slutta i stillinga 24.6.2011.
- Heidi Elisabeth Sandnes, rådgivar. Forskjingsjournalist og ansvar for nettutvikling.
- Anita Haslie, rådgivar. Ansvar for internasjonalt arbeid. I ulønna permisjon 1.3.-31.10.

Prosjekttilsette, vikariat og redaktørar

- Kristin Aukland, førstekonsulent. Arbeidde på prosjektet Ressursbank for likestilling i forsking.
- Stine Bøe, førstekonsulent. Engasementet var over 28.2.2011.
- Anne Winsnes Rødland, førstekonsulent. Arbeidde på fleire prosjekt, og hadde ansvar for internasjonalt arbeid på hausten.
- Elisabeth Hafstad, engasjert på timebasis.
- Ragnhild Fjellro, engasjert på timebasis 1.9.-15.12.2011.
- Agnes Bolsø, redaktør Tidsskrift for kjønnsforskning, årgang 2011, 20 %. Avtalen var over 31.7.2011.
- Hilde Danielsen, redaktør Tidsskrift for kjønnsforskning, årgang 2011, 20 % stilling.
- Kari Jegerstedet, redaktør Tidsskrift for kjønnsforskning, årgang 2012, 20 % stilling frå 1.8.2011.

Praktikantar og ekstrahjelp

- Sissel Kvalvik og Lars Kristian Nielsen Stensrud, bibliotekarpraktikantar i januar–februar frå utdanninga i bibliotek- og informasjonsvitenskap, Høgskolen i Oslo.
- Elin Løkken, kjøpt fri 20 % i januar frå Nordisk institutt for kunnskap om kjønn, vikararbeid for KILDEN.
- Lars Mathias Enger, ekstrahjelp.
- Daniella Fortin frå Chile var i praksis hos KILDEN i 6 veker frå 17. januar.

Frilansarar

- Jennie Westlund: 1 nyheitssak
- Rannveig Svendby: 2 nyheitssaker
- Astrid Sverresdotter Dypvik: 6 nyheitssaker
- Beate Sletvold Øistad: 5 nyheitssaker
- Ellen Engelstad: 4 nyheitssaker
- Ida Irene Bergstrøm: 3 nyheitssaker
- Johanne Hansen Kobberstad: 1 nyheitssak
- Linn Stalsberg: 6 nyheitssaker
- Ragnhild Fjellro: 3 nyheitssaker
- Siri Lindstad: 6 nyheitssaker

Omsett frå svensk

- Charlie Olofsson: 1 nyheitssak
- Inga-Bodil Ekselius: 1 nyheitssak

Et utval av staben si deltaking i sentrale nettverk, råd og utval

KILDEN deltek i ulike nettverk, råd og utval. I 2011 deltok KILDEN mellom anna på følgjande:

- Vårseminaret til foreininga ATGENDER (The European Association for Gender Research, Education and Documentation) og møte i nettverket WINE (eit europeisk samarbeid mellom biblioteks-, arkiv- og informasjonseiningar innanfor kjønnsforskning og likestillingsspørsmål) 8.–10. april i Utrecht. Heidi Elisabeth Sandnes og Marte E. Ryste deltok.
- Seminaret «Women and Former Scheduled Castes in Rural Local Government in India after the Constitutional Reforms of 1992» 18. april. KILDEN var medarrangør. Kristin Engh Førde og Maria Grönroos deltok.
- Møte i NING-nettverket i Reykjavik 6. mai. Anne Winsnes Rødland deltok.
- Møte i Roskilde 8. juni med danske kjønnsforskarar om publiseringspoeng for kjønnsforskingstidsskrift. Maria Grönroos og Anne Winsnes Rødland deltok.
- Møte i PANNOR – PanNordisk nettverk av leiarar for nasjonale informasjonseiningar i Norden og eit besøk hos EIGE – European Institute for Gender Equality 20.–21. juni i Vilnius. Maria Grönroos deltok.
- «Open Anniversary Seminar — Centre for Gender Research 25 years» 30. august. Heidi Elisabeth Sandnes og Kristin Engh Førde deltok.
- Konferansen« Fremtidsdrømmer» 15.–16. september i Kristiansand. Maria Grönroos, Ragnhild Fjellro og Anne Winsnes Rødland deltok.
- Konferansen «Kjønnsforskning NÅ!» 3.–4. oktober i Bodø. Heidi Elisabeth Sandnes deltok.
- Nasjonalt kontaktmøte for kvinne- og kjønnsforskning 20. oktober i Oslo. KILDEN arrangerte i samarbeid med FOKK. Maria Grönroos deltok.
- Møtet« Kjønnsperspektiv i forskning – hva innebærer det å ha kjønnsperspektiver og hvordan kan det gjøres?» 21. oktober i Oslo, arrangert av FOKK. Kristin Engh Førde var leigd inn som møteleiar og Maria Grönroos deltok.
- Nasjonalt fagråd for kjønnsforskning 21. oktober i Oslo. KILDEN er observatør. Maria Grönroos deltok.
- Seminaret «Fra Hottentott Venus til familiebilder» 22. oktober i Oslo. KILDEN deltok i planlegginga og gjennomføringa av arrangementet. Maria Grönroos, Heidi Elisabeth Sandnes og Kristin Engh Førde deltok.
- Konferansen« European Gender Summit» 8.–9. november i Brussels, Belgia. Maria Grönroos og Anne Winsnes Rødland fra KILDEN deltok. Det vart samstundes arrangert eit møte med partnarar i en planlagd EU-søknad.
- Seminar om forskningsformidling for medlemmar i forskning.no 15.–16. november. Deltakarar var Heidi Elisabeth Sandnes og Anne Winsnes Rødland.
- Møte i Ressursgruppa for Kvinnemuseet på Kongsvinger 23. november. Heidi Elisabeth Sandnes er medlem i gruppa og deltok på møtet.
- Møter i Komité for kjønnsbalanse i forskning. KILDEN/Ressursbanken er observatør. Kristin Aukland deltok 10.-11. mars på møtet i Ås og Oslo og 23.-24. mai på møtet i Ålesund. Maria Grönroos deltok 14.-15. september i Kristiansand og 1.-2. desember i Oslo.
- Styremøter ved Senter for tverrfagleg kjønnsforskning, Universitetet i Oslo. Maria Grönroos var hovudrepresentant i perioden 2008–2011 og Kristin Engh Førde var vararepresentant i 2011. Maria Grönroos deltok 17. juni og 14. desember, Kristin Engh Førde deltok 14. september.
- Møte i LUN-nettverket (likestillingsrådgivarane ved universiteta i Noreg). Ressursbanken ved Kristin Aukland er observatør.

- Maria Grönroos er medlem av styret for WINE, eit europeisk samarbeid mellom biblioteks-, arkiv- og informasjonseiningar innanfor kjønnsforskning og likestillingsspørsmål.

Kursdeltaking

Anne Winsnes Rødland har deltatt på eit halvdagskurs om tolking og bruk av statistikk, i regi av SSB.

Utflykter og sosiale samlingar

- 21. juni: IKM fotoutstilling Frida Kahlo + sommarmiddag Solsiden.
- 18. oktober: Teaterstykket «Kondolerer» på Torshovteatret .
- 15. desember: Juleavslutning med besøk på Nina Strand si fotoutstilling, etterfølgd av middag på Grefsenkollen restaurant.
- 20. desember: Julegløgg med Forskinsrådskollegaer i 8. etasje.

Etikk og ressursbruk, likestilling, mangfold og HMS-arbeid

KILDEN har eit mål om en etisk og ressursmessig haldbar verksemrd. Mellom anna blir alle oppfordra til å vurdere miljøaspekt ved val av reiser. KILDEN sin prinsipp om etiske gåver i samband med markeringar og julehelsingar held fram. Julehelsinga 2011 støtta Naturvernforbundet sitt internasjonale arbeid for meir miljøvennlig utvikling og betre bruk av energi.

Alle tilsette i KILDEN er kvinner. KILDEN ynskjer meir mangfold i staben når det gjeld til kjønn, etnisitet og nedsett funksjonsevne. Ved tilsettingar vil KILDEN å kalle inn søkerar til intervju som representerer det mangfaldet vi strekker oss etter. I utlysningar blir det òg nemnt eksplisitt kven vi ynskjer som søkerar for å bidra til mangfold. Det vart ikkje lyst ut stillingar i 2011. Ved bruk av frilansarar, ekstrahjelp og andre vektlegg KILDEN behovet for meir mangfold.

Heidi Elisabeth Sandnes var verneombod i KILDEN frå 1.1.2011 til 31.5.2011. Kristin Engh Førde frå 1.6.2011 til 31.12.2011.

Sjukefråveret i 2011 har vore 11,8 %.